



Hordaland fylkeskommune Kultur- og idrettsavdelinga

Pb 7900

5020 BERGEN

Vår ref.  
16/157-133/N - 252/JONE

Dykkar ref.

Dato:  
30.04.2018

## Søknad om investeringstilskot til Kvammabadet KF

Viser til Hordaland fylkeskommune si søknadsordning –«Investeringstilskot til idrettsanlegg med regional og nasjonal verdi».

Kvam herad vil på vegne av Kvammabadet KF søkja om investeringstilskot på inntil **2 mill.** kroner, for 25 m trenings- og konkurransebasseng.

Kvam herad har også vore i kontakt med Hordaland symjekerins for uttale, i høve til evt. regionale og nasjonale interesser. Symjekerinsen vil komma med uttale så snart som mogleg.

Hardangerbadet er lokalisert på ei fantastisk tomt, i sjøkanten, midt i Øystese sentrum. Eit topp moderne anlegg, som skal vera opent heile året. Hardangerbadet skal verta eit unikt fullintegreert helse-, aktivitets- og velværesenter, eit fyrtårnprosjekt med både helsepark, bade- og symjeanlegg, hotell og visningscenter for laks. I tillegg til 25 x 12,5 m trenings- og konkurransebasseng, skal det vera eit opplæringsbasseng på 12,5 m x 8,5 m, samt eit leike og konkurransebasseng, med ulike apparat for leik i bassenget.

### Trenings- og konkurransebasseng

Trenings- og konkurransebassenget som det vert søkt om midlar til; 25 m x 12,5 m. Djupna i bassenget varierer i frå 1,35 m til 3,6 m, ved stupedelen. Bassengutforminga er tilpassa kriteria i rettleiar, «Målebok for idrettsanlegg», oppdatert 04/2015 for dei aktivitetane som skal føregå i hallen. Symjeanlegget får 6 konkurransebanar med breidde på 2 m pr bane.

Det skal tilretteleggast for flyttbare eller utfellbare publikumstribunar i samband med konkurransar.

Når det gjeld finansieringsplan og kostnadsoverslag for trenings- og konkurransebassenget, vert det vist til søknad om spelemidlar for 2018, jf søknadsnummer 126885 –«Hardangerbadet 25 m basseng».

Opplæringsbassenget kan brukast av ulike aldersgrupper, frå små born til vaksne. Bassenget vil ha integrerte løysingar for funksjonshemma og vera oppvarma, noko som gjer det godt egna for ulike pasientgrupper.

Leike- og familiebassenget skal mellom anna ha vannkanon, bakkesprutar, sprutedyr, sklie mm.

Hardangerbadet har som målsetjing å byggja opp tilbod, aktivitetar og arbeidsplassar som vil skapa vekst og utvikling i Kvam og Hardanger.

Koplinga mot nytt hotell, med 110 – 130 rom, restaurant og konferansemoglegheiter, gjer anlegget svært godt egna for å ta i mot reisande deltakarar og andre. Kopla opp i mot Thon hotell Sandven, som berre ligg 6 km unna er det svært god kapasitet for overnatting, ved større konkurransar.

Kvammabadet KF er eigd av Kvam herad, og har samarbeidsavtale med Jondal kommune. Samarbeidsavtalen gjer sitt til at anlegget er godkjent som eit interkommunalt anlegg. I kommunedelplan for idrett og friluftsliv, for Kvam herad i frå 2005, er anlegget prioritert i 12. årsperioden, som «symje- og badeanlegg for Kvam». Ny plan er undervegs, i denne planen er anlegget sentralt. Anlegget har idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning i frå Kulturdepartementet, dagsett den 20.12.2017.

Det unike med anlegget i regional samanheng, er ei svært attraktiv lokalisering, god overnattingskapasitet med nære koplingar til helse og velvære, samt gode moglegheiter for overnatting og opplevingar i heile regionen.

I nørområdet til anlegget ligg flott sandbadestrand, Øystese kyrkje, Storeteigen bygdemuseum, kunstsenteret Kabuso, med sin utandørs Skyspaceintallasjon og Ingebriktvikmuseum. Plasseringa i seg sjølv er ein attraksjon, og gjev det ein regional dimensjon som ingen andre anlegg har.

I samband med den politiske handsaminga av Kvam herad si deltaking i Hardangerbadet legg rådmannen vekt på at; *Hardangerbadet er eit stort og viktig prosjekt som kan skapa mykje nytt og positivt for Kvam*».

Vonar på positivt svar.

Helsing

**Jon Nedkvitne**

Samfunns- og utviklingssjef  
Telefon: 56553021

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Mottakarliste:**

Hordaland	Pb 7900	5020	BERGEN
fylkeskommune Kultur- og idrettsavdelinga			

